



Rune Tveit
Håstølen 17
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/452 - 14/1257

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
03.02.2014

GODKJENNING - OPPFØRING AV GARASJE PÅ GBNR 10/90

Administrativt vedtak. Saknr: 07/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad m/ vedlegg innstempla 5.11.2013 om løyve til oppføring av garasje på gbnr. 10/ 90 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-2.

Vurdering:

Planstatus:

Gbnr 10/90 er i *Reguleringsplan for delar av Holme – Holmeknappen* avsett til bustadføremål innanfor byggeområde B1, jf. arealplanID 125619940907. Det omsøkte tiltaket er i samsvar med dette planføremålet. Tiltaket er elles i samsvar med dei krav som er stilt til byggjetiltak innanfor B1 gjennom planføresegnene, jf. vurderinga nedanfor.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 3.11.2013 og alle varsla dei partane har samtykt til tiltaket. Varslinga vert etter dette rekna som tilstrekkeleg, jf. pbl. § 21-3.

Tiltaket si utforming, plassering, høgde og avstand frå nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart innstempla 5.11.2013 og oppførast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar motteke same dato.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar lova sine krav til utforming, utsjånad, funksjon, plassering, høgde og avstand frå nabogrenser, jf. pbl. §§ 29-1 – 29-4.

Parkeringsdekning, uteopphaldsareal og utnyttingsgrad:

Av søknaden går det fram at tiltaket stettar reguleringsplanen sine krav til parkeringsdekning uteopphaldsareal og tomteutnytting.

Sakshandsamingsgebyr:

Grunna overskride frist for handsaming vert gebyr redusert i samsvar med pbl. § 21-7 m/ tilhøyrande forskrift (25%), jf. fakturavedlegg.

Vedtak

Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §20-2 løyve til oppføring av garasje på gbnr. 10/90 i samsvar med søknad m/ vedlegg innstempla 5.11.2013.

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart innstempla 5.11.2013, med eit toleransekrav i respektivt horisontalt og vertikalt plan på +/- 20cm. Avstanden til nabogrenser skal likevel vere minst 4m, jf. pbl. § 29-4. Tiltaket skal vidare oppførast og utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar innstempla 5.11.2013, jf. vurderinga over.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan seinast tre år – eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år – fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Tiltaket skal elles utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningsloven.

Gebyr for kommunen si handsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningsloven § 28, jf. vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

